



Sør-Aurdal kommune
Saksframlegg

Behandlet av	Møtedato	Saksnr.
Formannskapet	05.03.2013	008/13

ArkivsakID	JournalID	Klassering	Saksbehandler
13/259	13/1674	V60,	Trygve Langedrag

Høyring av forslag om innskrenkingar i odelskretsen og endringar i reglane om odelsfrigjeri

Saksopplysningar:

Høyringsbrevet lyder:

”Landbruks- og matdepartementet sender med dette ut høyringsnotat med forslag om endringar i lov 28.6.1974 nr 58 om odels- og åsetesretten (odelslova). Forslaga er ei oppfølging av Meld. St. 9 (2011-2012) om Landbruks- og matpolitikken (landbruksmeldinga).

I landbruksmeldinga er det foreslått å endre odelskretsen slik at berre *barn av eigar med odelsrett kan ha odelsrett*. Regjeringa peikte på at når ein eigedom blir overtatt av ein odelsrettshavar langt ut i odelsrekka, vil det som oftast vere ein person som har liten tilknytning til garden og drifta. Barna veks oftast opp på garden og har tilknytning til han. Det er òg dei som er nærast til å ta over eigedomen. Departementet bad i brev av 13. mars 2012 om at Lovavdelinga i Justisdepartementet vurderte om forslaget til innskrenking i odelskretsen kunne gjennomførast utan å kome i strid med Grunnlova § 107. Etter Lovavdelinga si vurdering var det ikkje problematisk å fjerne nevøar og nieser frå odelskretsen. Dei var meir i tvil når det gjeld barnebarn av ein eigar. Dersom barnebarnet ikkje har eigen odelsrett, må det stå tilbake for søsken til forelderen. Lovavdelinga meinte at ein her var inne i kjernen av odelsinstituttet som er verna av Grunnlova § 107.

Departementet foreslår å endre odelskretsen slik at berre *barn av eigar med odelsrett kan ha odelsrett*. Dette gjeld nåverande og tidlegare eigarar. På bakgrunn av uttala til Lovavdelinga i Justisdepartementet foreslår departementet i tillegg at *barnebarn av siste eigar med odelsrett skal ha odelsrett*

Som ei oppfølging av landbruksmeldinga foreslår departementet vidare å oppheve odelslova § 31 om odelsfrigjeri ved overtaking av tilleggsjord til landbrukseigedom. Dette er særskild ressurskrevjande saker for landbruksmyndighetene, og det er ikkje gitt at ressursbruken kan forsvare dei samfunnsgevinstar som blir oppnådd. I åra frå 2005-2011 blei det behandla om lag åtte søknader om odelsfrigjeri i året. Litt over halvparten fekk søknaden innvilga.

Dersom odelskretsen blir innskrenka slik som foreslått, må det reknast med at det blir enda færre saker. Omsynet til regelforenkling og ønsket om å redusere offentlig ressursbruk tilseier derfor at denne regelen blir oppheva.

Høyringsnotatet er kort og gjeld i hovudsak berre to lovendingar. Sidan forslaget er ei oppfølging av landbruksmeldinga, legg departementet til grunn at forslaget er kjend for dei fleste høyringsinstansane. Høyringsfristen er difor satt til seks uker. Departementet ber om uttale innan 6. mars 2013, gjerne elektronisk til postmottak@lmd.dep.no postmottak@lmd.dep.no. Høyringsdokumenta er lagt ut på departementets heimeside:

http://www.regjeringen.no/nb/dep/lmd/dok/horinger/saker_pa_horing.html?id=1995”

Frå høyrings uttale frå ein fylkesmann tek ein inn:

”Det kan peikast på at odelsretten har djupe røter i Noreg, og har hatt stor sosial, økonomisk og politisk verknad. Odelsretten bygger på at landbrukseigedomar ikkje skal vere ei vanleg handelsvare og eit spekulasjonsobjekt, men tvert om kan bli omsett til ein pris som gjer landbruksdrifta økonomisk forsvarleg. I tider med dårlege konjunkturar og mykje gjeld, med fare for tvangsauksjonar, hadde bonden og hans slekt odelsretten å falle tilbake på. Odelsretten har gitt stor føreseiing med omsyn til kven som skulle overta, og ei slektskapstilknytning til garden som ein nok elles ikkje ville ha hatt. Trongen for odelsretten som økonomisk «redningsplanke» for familien har endra seg mykje, og som nemnt i høyringsnotatet er slektskapstilknytninga til garden heller ikkje like sterk i dag. Fylkesmannen er einig i at det i fyrste rekke er dei som er *oppvaksen* på garden som har ein slik tilknytning til han at det kan forsvarast å gi løysingsrett i ei elles fri og lovleg omsetting. I dag har utanom odlaren, også etterkomarane hans odelsrett dersom nokon av foreldra, besteforeldra eller sysken av foreldra har eigd heile eigedomen med odel. Som presisert i høyringsnotatet vil det i fyrste rekke vere barna til eigaren som har slik tilknytning til garden som nemnt ovanfor sidan desse vanlegvis er vaksen opp der.”

I forbindelse med handsaminga av kommunedelplan - Landbruksplan for Sør-Aurdal - meinte Utviklingskomiteen at odelslova er eit hinder for å få til fast busetting på mange bruk som står tome.

Det er sjeldan blitt brukt odelsfrigjering, men det har vore ei slik sak i kommunen i seinare tid. Erfaring er at odelsfrigjøring fungerer som ein ”sikkerheitsventil” i tilfeller der det er oppnådd svært gode driftsmessige løysningar, og den odelsrettshavar som har gått til løysningssak har få eller ingen planer om busetting på eller drift av odelseigedommen.

Vurdering:

Ei innskrenking av odelskrinsen kan lettare føre til at landbrukseigedommar som betyr mykje som driftseining vert eigd av slike som ikkje sjølve bur på og driv eigedomen sjølve. Dette kan synast uheldig. Men dette må sjåast i motsetning til at slik det er i dag, der slektingar som knapt har vore på eigedommen kan bruke sin rett, og fordrive nokon som har driftseininga som bustad og arbeidsplass.

Rådmannens forslag til vedtak:

Sør-Aurdal kommune syner med bakgrunn det som er framlagt at det er svært gode grunner for den foreslegne endringa av odelskretsen, men fjerning av odelsfrigjering synes uheldig.

05.03.2013 Formannskapet

Behandling:

Som rådmannens forslag. Enstemmig vedtatt.

FS-008/13 Vedtak:

Sør-Aurdal kommune syner med bakgrunn det som er framlagt at det er svært gode grunner for den foreslegne endringa av odelskretsen, men fjerning av odelsfrigjering synes uheldig.

Rett utskrift:

8/3-13



SØR-AURDAL KOMMUNE

Plan, næring og utbygging

postmottak@lmd.dep.no